

Merknader til referat frå møte mellom representantar for Uskedalen sandtak og naboar.

Som referenten skriv er det ikkje alltid like lett å få med seg alle detaljar når deltakarane er mange og temperaturen høg.

Vi vil her komma med nokre presiseringar og tilføyningar til referatet.

Merk: Dette er tilføyningar til referatet og ikkje eit komplett referat.

Vi føl oppsetet til Bjørndal og tek punkta i rekkjefølgje.

Støy:

1. Det var mange kritiske spørsmål til metoden som var nytta for å måle støy.
2. Det vart stilt spørsmål om kvifor ein ikkje nyttar normal framgangsmåte for å utgreie spørsmåla rundt støy. Normal framgangsmåte vart beskrive som databeregning med oppteikning av støykart som viser kva støy vi kan forvente
3. Deter feil at målt støynivå ligg innanfor krava, punkt 4.1 og 4.2 har støynivå over tillatt nivå.

Elva:

Diskusjonen rundt forhold knytte til elva vekte kjensler og temperaturen vart høg.

1. Fleire tok ordet og uttrykte stor uro for kva følgjer sanddrifta vil få for fisken i elva.
2. Det vart vist til fagfolk som har uttalt at finstoff frå vasking av sand er svært farleg for fisk og gyting.
3. Mange ytra stor skepsis til at metoden med sedimenteringsbasseng vil fungere.
4. Det vart vist til sandtaket i Etne der ein ikkje får lov å vaske sand oppe i dalen men må kjøyra uvaska sand ned til sjøen og vaske der.
5. Mange var opptekne av avrenning frå sandtaket ved kraftige regnskyll. Dersom ikkje bassenga har nok ledig kapasitet vil det kunna flauma regnvatn med finstoff på elva.

Trafikktryggleik:

1. Det vart stilt spørsmål til samanhengen mellom uttaksvolum og antal lass pr. dag.
2. Det vart vist til eit reknestykke: 1400000m³ på 20 år med 230 arbeidsdagar i året køyrd ut med lastebil som tek 9 m³. Det vert 33,8 lass pr. dag og ikkje 10 til 15 som det står i konsekvensutgreiinga.
3. Tiltakshavar svara på utrekningane var for bil med totallengde på 19,5 m
4. Det vart bemerka at vegen kun er godkjent for bil inntil 12,4 m lengde.
5. Det vart stilt spørsmål om kvifor ikkje idrettslaget var invitert på møte og kvifor ikkje idrettsbanen var nemnt i utgreiinga rundt trafikktryggleik.
6. Det vart og kritisert kvifor utgreiinga ikkje omtala mjuke trafikantar som nyttar turen rundt dalen til rekreasjon og trening.
7. Tiltakshavar opplyste at det ikkje vert opparbeida møteplassar før vegen eventuelt kan oppklassast til 19,5 m.
8. I konsekvensutgreiinga er det opplyst at transportmengda vert 10 til 15 lass pr. dag. Etter spørsmål frå salen opplyste tiltakshavar at dette er eit gjennomsnittstal for 20 års drift. Det vart uttrykt sterk bekymring for at dette då ville føra til mange gonger så stor trafikk i periodar der det for eksempel føregår uttransport til båt, og at dette vil gå sterkt utover trafikktryggleiken.

Totalinntrykket vårt var at det var stor skepsis til planane.

Thomas Eide
Svein Ottar Rørheim
Rikard Haugland
Jan Moberg
Kåre Vetrhus
Astrid Døssland
Steinar Haugland